

## Skikstad - Skjeggestad (gnr. 40)

Namnet er i eldre tid skrive på fleire måtar. I eit diplom av 1517 er skrivemåten Skykelstادت, i jordbok for Hamar bispegods 1557: Skiggestadt, i jordbok for Fåberg prestebolig 1577: Skiggetadt., i Akershus lensrekneskap for 1560: Skigetadt. Desse gamle ulike formene gjer at opphavet til namnet vanskeleg let seg fastslå. Truleg er det eit samband mellom formene Skykelstادت og Skikstad, som uttalen er i bygdemålet. Her i saga åt garden brukar vi skriveforma Skikstad, som etter matrikkelen av 1886 og er den offisielle forma av namnet.

Da Skikstad vart nemnt i diplommet av 1517, var eigendomsretten til ein del av garden på utanbygds hender. Brevet er og skrive på Kraby på Toten. I 1560 låg ein del av Skikstad til "Hamar Stiftts gods". Av den garden som Tomas Skikstad brukte i 1607, var "2 huder kongens og 2 huder bondens". Da Syver Skikstad var brukar i 1615, låg 1 hud til krona, 1 hud til Michel Nielsen i Drammen, 1 hud til hustru Ingerj, ½ hud var kyrkjeods, ½ hud presteboliggods, og 3 skinn låg til Jacob Rosenkrans; tilsaman var dette jordegods til 4 huder 3 skinn.

Om garden Skikstad på 1500-talet skal vi elles ta med litt meir. I 1560 var det Oluff "Skiegstادت" som var brukar på garden. Man betalde da eingong i skatt: 2 "faar", og det var like mye som t.d. Gudbrand Røne og Erich Fliflet og svara. I 1594 vart Skikstad rekna i gruppa for dei største gardar og skulle svara 60 skl. i ekstra bygningsskatt. Ti år seinare var i 1604 utlikninga av tiendekorn 3 ½ tdr. som for Mellum, Gaustum og Langset.

Om Syver Skikstad, som var brukar på garden i ein mannsalder, er det fortalt at han og var jordeigande bonde i andre gardar. I 1624 åtte han såleis: ½ hud i Hinkleiv, 3 skinn i Bårdseng og 3 skinn i Alm på Ringsaker. Syver Skikstad var sikkert og ein både brukt og vørd mann i bygdestyret. Han var såleis med blant dei 11 lagrettsmenn som dømte i drapssaka mellom Oluf Håga og Oluf Breiset ved tinget på Jørstad den 4. novbr. 1628. – Litt meir om storleiken på garden går fram av lista over Kvegskatten 1657. Det er da fortalt at buskapen på Skikstad var 1 hest, 3 hopper, 16 naut, 6 sauer og 3 griser. – Åtte år seinare var Tomas Syversen vorte brukar på Skikstad, og han var da 57 år. Det er i 1665 vidare fortalt at den samla landskyld av Skikstad var 4 huder 3 skinn, men dertil låg ødegarden Bårdseng av skyld 6 skinn. Blant arbeidskarane på garden i denne tid var og Gudbrand Bårdseng, 70 år, og Erik korgmakar, 60 år. Husbonden Tomas Skikstad var framleis brukar der i 1678. Han svara da leiglendingsskatt: 4 hd. 3 skn. 18 merker fisk, og 11 rd. 3 ½ ort i pengar.

I 1668 kom den første norske matrikkelen med nemnande opplysningar om gardane. Der er det om grd. "Skiegstادت" fortalt at landskylda ganske riktig var 4 hd. 3 skn., og av dette låg i den tid ½ hud 18 merker fisk til Kongen, Niels Lauritzen, åtte 3 skn., brukaren 1 hud, Mickel Mickelsens arvingar 1 hud, Fåberg prestebol ½ hud og Lillehammerkyrkja ½ hud. – Elles er det om Skikstad i 1668 fortalt at enga, innmarka var god, og at det var nok skog til gards bruk, men lite tømmerkog. Buskapen av store husdyr var da 5 hestar og 20 storfe, og garden hadde seter og sommarbeite åt krøtera på Nordsetra. Vidare er det og opplyst at den årlege utgjorde 4 tdr., som altså svara til ei avling på 40 tdr. Garden hadde og si eiga kvern, som det vart svara 8 skl. kverntoll av. – Mange år seinare var i 1690 føderådsmannen "Thomas Schiegstادت" død, og det var arveskifte etter han. Det er da tydeleg fortalt at jordegodset Skikstad av 1 hud og Bårdseng av skyld ½ hud var med i skiftebuet. Det går elles fram at kona til Tomas Skikstad, Sigrj Halvorsdtr., framleis levde, og at dei hadde ein son som heitte Syver.

I dei næraste åra etter vart det fleire gonger handla med delar av Skikstad, og i tida frå 1700 til 1715 var såleis oberst Reichwein ei tid eigar av 1 huds jordegods i Skikstad.

Ei sak som handlar om heilt andre ting enn gardhandlar er elles etter utskrift av tingboka referert slik: ”Skikstad i Fåberg, Skieggestadstuen”. 8. juni 1720. Fogden har innstevnt Synnef Skieggestadstuen fordi hun imot ordonancen har holdt øl og brennevin. Avsagt: Da det med vidner er bevist at Synnef Skieggestadstuen, gjestgiveren til prejudice, har solgt øl og brennevin, og da det hos henne er funnet et anker med brennevin, så kjennes for rett: At det anholdne anker brennevin bør være konfiskeret, og at hun bøter 10 rd. til foged Stenersen som lot henne antreffe og tiltale, og likeså meget til de husarme her i Fåberg. I prosessomk. betaler hun 2 rd. 2 ort.”

Året etter, altså årstalet 1721, er eit merkeår i saga til garden Skikstad i Fåberg,. Det var i den tid ein dugande brukar der, Morten Mortensen, fødd kring 1645. da høvet baud seg, kjøpte han i 1716 ved off. auksjon jordegods til ½ hud 18 mrk. fisk i Skikstad for kjøpesum 400 rd. Med det som Morten Mortensen før hadde, åtte han da ein stor del av store Skikstad. Men i 1721 vart så Morten Mortensen og kona hans samde om å skifte med borna sine medan dei baa var i live. Ved dette skiftet er det opplyst at dei hadde 8 born, alle døtre. Av dei var Beret da gift med Svend Henningsen, Anne Mortensdr. var 27 år og Gunild Mortensdr. var 22 år.

I samband med dette skifte gav så Morten Mortensen Skjeggestad som i utskrift har denne ordlyden: ”Skjeggestad. Skjøte dat. 24 oktober 1721 tgl. 16. febr. 1722. Fra Morten Mortensen Skieggestad til hans svigersøn Niels Hansen på 7 ½ skinds skyld og 18 merker fisk med bøgsel og landskyld, hvorved følger bøxel over 6 skind til Fåberg kirke og 6 skind til overladte halve del i gården Skjeggestad i Fåberg prestegjeld for sum 250 rd.”

”Skjeggestad. Skjøte dat. 24. oktober tgl. 16. febr. 1722. Fra Morten Mortensen Skieggestad i Fåberg sogn til Thomas Hansen Skieggestad på 1 ½ halv skind jordegods med bøxel så og bøxelen og herligheten over 2 huder i Skieggestad som hans far Hans Jensen Skieggestad er eiende med landskyld.”

I og med denne ordninga var grunnlaget lagt for ei deling av store Skikstad i eit Skikstad ”nordre” av skyld 1 hud 7 ½ skinn 18 mrk. fisk og eit Skikstad ”søndre” av skyld 2 huder 1 ½ skinn, ei deling som skulle bli ei varig ordning.

Om store Skikstad på denne måten var vorte delt i to mindre gardsbruk, så var dei likevel ingen smågardar. – Etter matr. framlegget av 1723 var buskapen på kvar av gardane 2 hestar, 15 naut, 8 sauer og 5 geiter. Dessutan vart bruket Bårdseng da ført for seg med eit krøterhald på 1 hest, 5 naut og 6 sauer. Om kvar av Skikstad-gardane er det elles oppgitt at den årlege høyavlinga var ca. 20 lass og den årlege utsæden av korn 4 ½ td. bygg og litt rug. Skikstad Nordistu(gu) med Nils Hansen som brukar hadde kvern saman med Balberg; men Skikstad Systu(gu) hadde kvern åleine. På Bårdseng av skyld 6 skn. var da Lars Ellingsen oppsittar, og der var buskapen 1 hest, 5 naut og 6 sauer.

Nils Hansen på Skikstad nordre var fødd 1679, og var gift to gonger, først med Anne Mortensdr., f. 1694, og så med Kari Madsdr. f. 1698, og han vart far til 6 born. Det var: Hans f. 1720, Lars f. 1728, død 1753, Morten f. 1732, gift 1752 med Rønnog Asbjørnsdr. Skårset, Erik f. 1736, g. 1764 m. Beret Ulland, Ingrid f. 1731, g. 1756 m. Hans Thomasen Skikstad f. 1725, Kristen f. 1734. – Nils Hansen brukte Skikstad til i 1732. Da selde han

garden , ”hvorav 6 skind følger Fåberg kirke uten bøkse” til Arne Pedersen for kjøpesum 220 rd. – Frå fem år seinare er det elles ei merkeleg sak som i utskrift har denne ordlyden:

”Skikstad i Fåberg. Fliflet i Fåberg 16. febr. 1737. Fogden lot lese en innførselsforretning av 9. jan. hvorved Arne Pedersen Aspaasen efter hjemtingsdom av 10. septb. 1736 har erholdt innførsel i sin debitor Niels Hansen Skiegggestads grd. for 232 rd- 10. hvorfor er utlagt i grd. Skiegggestad 1 hud med bøkse til like over 1 hud medeieres.”

Nils Hansen var elles framleis med og brukte garden. I 1738 hadde han såleis innstemnt huskvinna Marit Henningsdtr. til å flytte frå eit husvære som ho brukte på citantens grunn, men som han da hadde bruk for ”til sin gård”. Året etter fekk Nils Skikstad tingsvitnemål fordi eldhuset hans med innhald hadde brunne ned 3 dagar før pinse.

Den 12. mars 1744 var kona til Nils Hansen, Anne Mortensdtr. død, og det var skifte på ”Skjegggestad nordre i Faaberg”. Ved dette skiftet vart garden taksert for 200 rd., og skiftebuett utgjorde brutto 309 rd., men netto 28 rd. Arvingane ved skiftet var forutan enkemannen Nils Hansen dei 6 borna som alle framleis var i live. Hans var da 22 år, Martin som han her er kalla, var 19 år, Lars 16 år, Kristen 10 år, Erik 7 år, og Sigri var 12 år. Ingen av dei var enda gifte.

Frå ni år seinare er eit skjøte av 1753 på Skikstad søre, og som vi her tek med:

”Skjægggestad Søndre Stue. Skjøte dat. 7. sept. 1753 tgl. 5. okt. s.å. Efterfølgende lodseiere i gården Skiægggestad Søndre Stue i Fåberg prestegjeld selger til eldste søn Hans Thommesen og arvinger hva de ved skifteforretning av 26. april 1753 er blitt tildelt av jordegods, neml. faderen Thommes Hansen selger så vel de 5 ½ skind som han har reserveret sig i gården for 100 rd. som de 6 skind som hans datter Guri Thommesdtr. arvelig er tilfalden for 100 rd., og Erik Thommesen selger de 7 skind han er tilfalden for 115 rd. tilsm. som her 1 hud 6 ½ skind med bøkse i gården Schiegggestad for 315 rd. Hans Thommesen har selv arvet 7 skind for 115 rd., så nu er han rett åsedesmann ene eier av gården Søndre Stue Schiegggestad skyldende årlig med bøxel 2 huder 1 ½ skind for 430 rd. Thommes Hansen har reserveret sig føderåd av gården.”

Hans Thomasen som da tok over på Skikstad søre, var da 27 år, Erik var 20 år, og Guri var 22 år. Ingen av dei var enda gifte. Året etter er det elles opplyst at Guri var gift med Niels Pedersen Giettestad.

Frå 1756 er eit like opplysende skjøte frå Skikstad nordre. det er i utskrift sålydande:

”Schiegggestad, Nordre. Skjøte dat. 14. septbr. 1756 tgl. 4. oktbr. s.å. Fullsøsken og livsarvinger efter Niels Hansen Schiegggestad tilfaldt ved skiftet av 18. mars sistl. følgende arveparter i gården Schiegggestad Nordre Stue, som de selger til deres eldste bror Hans Nielsen, neml. Morten Nielsen 1 7/30 skind for 28. rd. 2 ort 9 3/5 s., Christen Nielsen 1 7/30 skind for 28 rd. 2 ort, 9 3/5 s. Erik Nielsen 1 7/30 skind for 28 rd. 2 ort 9 3/5 s. og Hans Thommesen Schiegggestad for sin hustru Sigri Nielsdtr. 1 7/30 skind for 28 rd. 2 ort 9 3/5 s. tilsm. som selges 4 14/15 skind med bøxel for 114 rd. 1 ort 14 2/5 s. Dessuten har han innfriet fra Jon Mellum og flere kreditorer 7 1/3 skind for 182 rd. samt dessuten selv arvet 1 7/30 skind for 28 rd. 2 ort 9 3/5 s., så han er nu eier av gården Schiegggestad 1 hud 1 ½ skind med bøkse over 1 hud beneficert gods (i Fåberg) for 325 rd.”

Hans Nilsen Skikstad f. 1720, som da tok over som brukar, var gift med Kari Olsdtr. f. 1725, og dei fekk 8 born. Det var: 1. Anne f. 1752, g. 1785 m. Jens Eriksen Sørhove, 2. Lars f. 1755, død 1756, 3. Kari f. 1757, g. 1781 m. Nils Olsen Brubakken, 4. Marte f. 1760, 5. Lars f. 1762, død 1763, 6. Lars f. 1764, g. 1795 m. Mari Olsdtr. Bjørstad, 7. Ole f. 1767, død 1767, 8. Ole f. 1769, g. 1797 m. Eli Nilsdtr. Nordhove.

På Skikstad søre var Thomas Hansen vorte føderådsmann i 1753. Men han var ikkje nøgd med det føderåd han fekk. I 1758 gjorde han krav på å få føderåd etter tinglyst kontrakt, og etter den skulle han da årleg ha: 4 td. godt bygg og 5 settung rug ”av låven”, åkeren ”Hansageren”, for til og stell av 2 kjøer og 3 småkreaturer, ½ slaktesvin, ”og han forskaffes hest til kirken og andre reiser. Utleveres han årlig bism.pd. nødkiød, 1 bism.pd. fisk, 1 otting lagesild, 1 settung salt og 1 par sko, likeså og lades i gårdens aker 1 pot linsæd og 1 sett. hampesæd. Forsynes han med varmt hus og opvartning.”

Frå 10 år seinare er eit skjøte frå enka etter Michel Hansen Korgen, Rangdi Larsdtr., til Hans Thomasen Skjeggstad søndre på ”hendes tilhørende huse på Pladsen Korgen, neml. 1 stue, 1 stabbur og bod og 1 fehus for sum 30 rd.” Dersom kjøparen seinare vil selja husa, skal han først by dei fram til Ragndi Larsdtr. og borna hennes. I 1788 er Skikstad søre kalla ”Skjeggstad søndre og øvre”. Husbonden her, Hans Thomasen, gav da skjøte til son sin Jens Hansen på ”grd. søndre og øvre Scheggstad, der skylder med bøxel og herlighet 2 huder 1 ½ skind for sum 700 rd.” Til dei underliggende herligheter er vidare nemnt: ”Scheggstadvolden med det omliggende fiskeri, samt gårdens fiskeri ved grdn. Hage, engelandene på Norsætteren, slotten langs med elven Nevla, samt gårdens andel i fiskevandet Næsla med sæterbolig i SvartaaSetteren.” Samtidig gav så kjøperen tinglyst føderådskontrakt til faren ”på føderåd av grdn. søndre og øvre Scheggstad i Fåberg prestegjeld.”

På Skikstad nordre var det i 1791 ein større strid innan familien. Striden gjaldt prisen på garden da Lars Hansen, f. 1764, skulle overta Skikstad, og prisen var sett til 499 rd. Mot dette protesterte Jens Haave, og protesten er eter utskrift bokført slik: ”Protest: Jens Haave, som er gift med en datter av Hans Nilsen, innfant sig og sa at grd. Nordre Schjeggstad i det mindste var verd 2000 rd., og at Hans Nielsen således hadde gitt sin sønn vederlag for denne gave, og var således i arvegangs tilfelle forurettet. Han nedla derfor sin protest mot skjøtets kraft og forbeholdt sig og sin hustrus rett til tid og sted.”

Lars Hansen som da overtok Skikstad nordre, var gift med Mari Olsdtr. Bjørstad, og dei fekk 7 born: 1. Hans f. 1796, g. 1824 m. Berte Olsdtr. øvre Dal, 2. Ole f. 1798, død 1809, 3. Halvor f. 1801, g. 1834 m. enkjen Rønnog Olsdtr. Opjordet, 4. Kristian f. 1805, 5. Karen f. 1808, 6. Anne f. 1811, g. 1832 m. Ole Olsen Fagstad, Røislien, 7. Ole f. 1820.

I år 1800 var det ei større utviding av jordvegen på Skikstad søre og øvre. Christen Christensen Berge selde da og gav skjøte til Jens Schieggstad på plassen og engelandet Storsveen under Storberge, av skyld 4 skind, for 830 rd. Da desse 4 skinn var 1/9 av Berges hele skyld, så følgde 1/9 av heimraster og heimehage med i kjøpet.

Kring århundreskiftet finn ein så Skikstadgardane oftare kalla Skikstad nedre og Skikstad øvre. Ved folketellinga i 1801 budde det såleis 3 familiar på Skikstad øvre, fire familiar på Skikstad nedre og 1 familie på Bårdseeng, som da vart ført mellom Skikstadgardane. Familiene var:

På Skikstad øvre:

1. familie: 1. Jens Hansen, husbonden, 45 år, 2. Sigrid Olsdtr., kona hans, 31 år, 3. Hans Jensen, son deres, 12 år, 4. Ole Jensen, son deres, 3 år, 5. Olea Jensdtr., dotter deres, 1 år, 6. Ole Kristofersen, tenestkar, 17 år, 7. Anne Larsdtr., tenestkvinne, 24 år, 8. Mari Hansdtr., tenestkvinne, 27 år, 9. Kirsti Kristensdtr., tenestkvinne, 27 år, 10. Sidsill Eriksdtr., pleiebarn, 6 år, 11. Sigrid Johannesdtr., enke, går i dagarb., 44 år, 12. Eli Johannesdtr., dotter hennes, 5 år, 13. Sigrid Nilsdtr., mor til husbonden, føderådskone, 70 år.

2. familie: 1. Ole Kristensen, innerst utan jord, dagarb., 22 år, 2. Ingeborg Larsdtr., kona hans, 21 år, 3. Peder Larsen, husmann med jord, 56 år, 4. Marit Syversdtr., kona hans, 55 år, 5. Kari Pedersdtr., dotter deres, 14 år.

3. familie: 1. Lars Pedersen, husmann med jord, 28 år, 2. Gunnild Svendsdtr., kona hans, 29 år, 3. Peder Larsen, son deres, 4 år, Kari Larsdtr., dotter deres, 2 år. –

Bårdseng: Ein familie: 1. Halvor Poulsen, husbonden, 38 år, 2. Lisbeth Olsdtr., 38 år, 3. Poul Halvorsen, son deres, 9 år, 4. Lars Halvorsen, 5 år, 5. Ole Halvorsen, son deres, 9 år, 6. Ingrid Iversdtr., tenestjente, 34 år, 7. Marit Halvorsdtr., mor til husbonden, føderådskone, 63 år.

På Skikstad nedre:

1. familie: 1. Lars Hansen, husbonden, 38 år, 2. Mari Olsdtr., kona hans, 28 år, 3. Hans Larsen, son deres, 6 år, 4. Ole Larsen, son deres, 3 år, 5. Lars Larsen, tenestkar, 19 år, 6. Berit Olsdtr., tenestkvinne, 19 år, 7. Marit Olsdtr., tenestkvinne, 19 år.

2. familie: 1. Hans Nilsen, føderådsmann, 80 år, 2. Kari Olsdtr., kona hans, 77 år.

3. familie: 1. Hans Halvorsen, legdslem, 74 år, 2. Mari Olsdtr., legdslem, 79 år, 4. Peder Kristensen, husmann med jord, 34 år, 2. Marit Johannesdtr., kona hans, 40 år, 3. Ingeborg Pedersdtr., dotter deres, 10 år, 4. Kristen Pedersen, son deres, 7 år, 5. Johannes Pedersen, son deres, 5 år.

Av ei kvittering frå 1809 går det tydeleg fram at det var velstand på Øvre Skjeggstad. Sonen Hans Jens Jenssen gav da kvittering til far sin Jens Hanssen Skjeggstad for 1100 rd. ”på hans forventede arv efter sine foreldre.” Samtidig vart det og tinglese ein deklarasjon av 7. mars frå Hans Jenssen Rindahl, som han der er kalla, om ein mogleg annan ordning med gardane Skikstad og Rindal: Dersom Hans Jensen seinare fekk lyst til overta fedrenegarden Skikstad som sitt odelsgoods, da skal han overdra Rindal i Vingrom, som han da åtte etter skjøte av 6. febr. same år, til sine yngre søsken for sum 1100 rd.

Om jordbyte mellom grannar handlar to makeskifte frå 1813 og 1819. I 1813 var det såleis naboane Jens Skjeggstad og Lars Skjeggstad som vart samde om å skifte og byte nokre jordstykke under gardane sine. Og i 1819 var det Jens Skjeggstad og Jørgen Berge som skifta og bytte nokre parsellar under dei to gardane.

Same året, altså i 1819, kom matrikkelframlegget for Fåberg med fleire og nyare opplysningar om gardane. Der er det om Skikstad nedre fortalt at i denne tid var buskapen av store husdyr 4 hestar og 16 storfe, og den årlege kornavlinga utgjorde ca. 64 tdr. Til same tid var på Skikstad øvre dei tillssvarande tal: 4 hestar, 22 storfe og kornavlinga var ca. 70 td. Det er elles opplyst at det da var 3 husmannsplassar på øvre Skikstad og 2 husmannsplassar på nedre Skikstad.

I tidsrommet 1820-30 var det brukarskifte på båe Skikstadgardane. På Øver-Skikstad var husbonden Jens Hansen død, og enka, husfrua Sigri Olsdtr. gav i 1821 skjøte til sonen Ole Jensen på grd. Skjeggstad med engelandet Storsveen og det halve av pl. Leerhullet for 1000 spd. – Fem år seinare var det og brukarskifte på Ner-Skikstad, der Hans Larsen tok over som brukar. Etter dette ved matrikuleringa i 1839 framleis Ole Jensen som var brukar Skikstad øvre, og Hans Larsen som brukte Skikstad nedre. Ved justering og omrekning av

matrikkelskylda vart da skylda på Skikstad nedre sett til 8 skyddalar 4 ort 3 skilling, og skylda på Skikstad øvre til 9 skyddalar 1 ort 6 skilling.

Året etter, altså i 1840, var føderådsmannen og husbonden Lars Hansen død, og det var arveskifte på "Skjeggestad nedre" i Faaberg. Ved dette skiftet er det opplyst at enka Mari Olsdr. framleis levde, og at brukaren Hans Larsen da var 44 år. Broren Halvor var 39 år, Christian 35 år, og Ole var 20 år. Søstera Karin var 32 og ugift, men Anne var gift med Ole Fagstad. Frå 40-åra er elles å fortelja at i 1848 var den store utskifting av seterskogen i Fåberg austre Almenning, og litt seinare var det og utskifting av skog mellom setereigarane på Nordsetra og setra Snultra.

I samband med folketellinga av 1865 var det og ei jordbrukstelling, som gir fleire opplysningar om gardane. Der er det om Skikstadgardane fortalt at hos Hans på Nedre Skikstad utgjorde det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer da tilsm. 242 mål, og av dette var 115 mål jord av 1. klasse. Samtidig var dei tilsvarande tal hos Simen på Øvre Skikstad 274 mål og 133 mål. Vidare er det og oppgitt at buskapen på sjølve garden Skikstad øvre da var: 5 hestar, 22 storfe og 15 småfe, men dessutan var det på husmannsplassane under garden: 8 storfe og 15 storfe. Først på same måten var buskapen på Skikstad nedre: 4 hestar, 18 storfe og 26 småfe, men dertil var det på husmannsplassane under garden: 4 storfe og 9 småfe. Utsæden på gardane er ført på same måten, og den var på Skikstad nedre på sjølve garden: 12 ½ td. korn og 10 tdr. settepoteter, men dertil på husmannsplassane: 2 tdr. korn og 2 tdr. poteter. Vidare var utsæden på Skikstad øvre: 17 tdr. korn og 10 tdr. poteter, og dessutan på plassane til garden tilsm. 5 ½ td. korn og 4 ½ td. settepoteter.

Året etter gav i 1866 Børre A. Svendsrud, som var gift med Mathea Hansdr. Skjeggestad, skjøte til medeigaren Lars Hansen Skjeggestad nedre for "en samlet kjøpesum efter Faderens bestemmelse" for 1400 spd., "og en del Løsøre for 200 spd." I samband med denne handelen lånte faren Hans Larsen og gav obl. til søskena sine Christian Larsen og Karen Larsdr. på tilsm. 1035 spd. Frå åra 1869-71 er elles ei stor utskiftingsforretning over gardane øvre og nedre Skikstad. – Tre år seinare gav Simen Skjeggestad og hustru Eline Iversdr. enka etter Ole Jensen, skjøte til pleieson sin Jonathan Jørstad på grd. Skjeggestad øvre med Storsveen og Kjølgård for kjøpesum 1500 spd. og føderåd verdsett for 5 år til 500 spd. – Frå denne tid er det og ei tinglyst kontrakt av 1873 mellom setereigarane på Smultra og Hornsjøen om hamning m.m.

I 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane vart tildelt nye gards- og bruksnummer og ny matr.skyld. skikstad fekk da gardsnr. 40 med ei samla matr.skyld av 33,76 mark, og det var i 1886 to bruksnummer under gardsnummer 40,. Det var: Gr.nr. 40, br.nr. 1 Skikstad neder av skyld 16,19 mark med Lars Hansen som eigar og brukar, og br.nr. 2 Skikstad øvre av skyld 17,57 mark med Jonathan Jørstad som eigar og brukar. Ein merker seg at her i den nye matrikkelen er gardnamnet skrive Skikstad.

Elleve år seinare gav i 1897 Kjersti Asbjørnsdr. skjøte til sonen sin Hans Larsen på grd. Skjeggestad nedre med Sjøsetra for kjøpesum kr. 250,- + føderåd til Kjersti Asbjørnsdr, eit føderåd med 5-årleg verdi kr. 3250,-. Året etter var i 1898 ei skylddelingsforretning da ein parsell br.nr. 3 Rønningen, av skyld 0,04 mark, vart fråskilt Skikstad øvre og selt til murermeister Jakob Johnsen. Sju år seinare selde elles Jakob Johnsen bruket Rønningen vidare til Oskar Johnsen for kr. 1500,-.

Frå denne tid er vidare ei grunnleigekontrakt mellom Hans Skjeggestad på Skikstad nedre og Andreas Korgen om leige av ei tomt på ca. 2 mål ved Bæla småbruk, som Ole og Andreas Korgen da åtte. Frå denne tid er og ei tinglyst semje mellom fleire gardbrukarar om hamning og jakt m.m. i Skikstadmoen og Hovemoen.

I nyare tid gav i 1910 Jonathan Skjeggestad i 1910 festekontrakt til Aals Ungdomslag på eit skogstykk i Skikstadmoen. Dersom ungdomslaget blir oppløyst, fell skogteigen tilbake til Skikstad. Samtidig vart og br. 4 Faaberg gamlehjem, av skyld 0,04 mark, fråskilt Skikstad øvre og selt av Jonathan Skjeggestad til Faabergs Gamlehjemsforening for 270,00 kr. - To år seinare vart ein parsell av Skikstad nedre, br.nr. 5 Skihytten, av skyld 0,01 mark, fråskilt og selt til Lillehammer Skiklub. Etter kvart vart så ein parsell br.nr. 6 selt til handelsreisande Jørgensen, br.nr. 7 Nyheim til Jakob Jonsen, br.nr. 9 Soleglad til frk. Nico Stang og br. 10 Korgen søre av skyld 0,30 mark til Kristian Skjeggestad. Vidare kjøpte så i 1935 Iver Korgen br.nr. 11 Korgen midtre av skyld 0,45 mark; samtidig kjøpte og Einar Gilbo br.nr. 12 Gilbo Revegård av skyld 0,20 mark. Året etter kjøpte i 1936 S. Fougner m.fl. br. 13, 14 og 15, og i 1937 kjøpte Oskar Elvdalen br.nr. 18 Flatåkeren, og Ivar Jørstad kjøpte gr.nr. 40, br.nr. 2 Skikstad, da av skyld 21,18 mark.

Ved jordbruksregistreringa i 1939 var det blitt 19 bruksnr. under gardsnr. 40 Skikstad. Av desse var det likevel berre 3 nr. som hadde eit jordbruksareal av åker, hage og eng på meir enn 10 mål (da). Det var: Gr.nr. 40, br.nr. 1 Skikstad med eit jordbr. areal på ca. 180 mål, Lars Skjeggestad var eigar og brukar, br.nr. 2 Skikstad med eit jordbruksareal på ca. 180 mål med Iver Jørstad som eigar og brukar, og br.nr. 10 Korgen søre, areal ca. 15 mål, eigar og brukar: Kristian Skjeggestad, som og var eigar og brukar av gr.nr. 181 Balberg.